



## FYLKESMANNEN I ROGALAND

### **Velde Produksjon AS – Søknad om løyve etter forureiningslova for drift av asfaltverk – Utlegging til offentlig gjennomsyn.**

Velde Produksjon AS har i dag eit midlertidig løyve for drift av asfaltverk gjeldande til 31.12.2016. Verksemda har 19.9.2016, med tilleggsopplysningar ettersendt 4.11.2016, søkt Fylkesmannen om eit ordinært løyve etter forureiningslova § 11. Søknaden medfører ikkje vesentlege endringar i eksisterande drift ved asfaltverket, som også omfattar gjenvinning av asfaltflak og fresemasse.

Verksemda er lokalisert på gnr./bnr. 9/7 på Kyllis i Sandnes kommune, og inngår som ein del av den samla aktiviteten til Velde-selskapa på industriområdet på staden.

Mogleg forureining vil vere utslepp av støy og støv. Det vil i eit eventuelt løyve verte sett krav om tiltak og fastsett grenseverdier for å avgrense utsleppa.

Søknadsdokumenta vert lagt ut til offentlig gjennomsyn på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad, sjå lenke <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>, samt på Sandnes kommune sin nettstad.

Moglege merknader til søknaden skal sendast Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger eller per e-post til [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no) innan 4 veker frå kunngjeringsstidspunktet.